



DEN NORSKE KYRKJA

Prosten i Øvre Telemark

Brøløsvegen 13A
3840 SELJORD
Tlf: 41566043

Prestane i Øvre Telemark

Seljord 24.02.2017

Rutinar ved for mange plusstimar

Med bakgrunn i samtalen me hadde på førre tenestekonferanse og samtalar eg har hatt med verneombodet etterpå, vil eg no innføra følgjande rutine ved for mange plusstimar:

- 1) Prestar som ved eit månadsskifte står oppført med over 30 timar plusstid, vil bli rutinemessig innkalla til møte med prosten.
- 2) Møtet vil innehalda:
 - a) Gjennomgang av stillingsbeskrivelse med tanke på bunden tid.
 - b) Gjennomgang av presten sine prioriteringar innan ubunden tid.
 - c) Gjennomgang av forståinga av korleis timeregistreringa skal førast.
 - d) Avtale om korleis plusstid skal takast ut.
- 3) Det vert laga skriftleg referat frå møtet der aktuelle tiltak framgår.

Venleg helsing
Asgeir Sele
Asgeir Sele
Prost